

VIK KYRKJELEGE FELLESRÅD

ÅRSMELDING 2022



Vik kyrkjelege fellesråd har ansvar for 5 kyrkjer og 7 gravplassar:

Vik kyrkje

Arnafjord kyrkje

Vangsnes kyrkje

Feios kyrkje

Fresvik kyrkje

Vik gravplass

Hopperstad gravplass

Hove gravplass

Arnafjord gravplass

Vangsnes gravplass

Feios gravplass

Fresvik gravplass

Fellesråd frå 01.01.2022 – 31.12.2022:

Leiar	Leif Eikeland	Feios sokneråd
Nestleiar	Laila Sunde	Vangsnes sokneråd
	Rolf Arne Olsen	Fresvik sokneråd
	Kari Haga	Vik sokneråd
	Endre Nese	Arnafjord sokneråd
	Karen Helene Bøhn Melhus	Sokneprest
	Roy Egil Stadheim	Vik kommune sin representant
Varamedlemmar:	Monica Feidje Midlang	Feios sokneråd
	Frode Høgberg	Fresvik sokneråd
	Laila Kristin Sætre	Vangsnes sokneråd
	Kjellaug Rivedal	Vik sokneråd
	Ola Engum	Arnafjord sokneråd
Rasmus Clemens Bolstad Rustad og Geir Sørebo vikar for sokneprest		

Fellesrådet har i 2022 halde 4 møte og har handsama 33 saker sak..

Fast tilsette :

- | | | |
|-----------------------------------|------|-------------------------------------|
| • Kyrkjevevje | 50% | stilling Marit J Andersen |
| • Kyrkjelydssekretær | 60% | stilling Kirsti Jelle Hopperstad |
| • Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeider | 80% | stilling Nils Kvamme |
| • Kantor | 50 % | stilling Dora David, slutta 1.10.22 |

Medarbeidarar utan fast tilsetjing som arbeider etter tilkalling:

- Medarbeidar innan trusopplæring og som klokkar: Tove Svortevik Geithus
- Organist; Inger Marit Hove, Ole Agnar Helland og Arne Olden-Wikestad
- Kyrkjetenarar ved kyrkjer: Henk Van Nierup og Britt Inger Rinde Eikeland i Fresvik/Feios, Jonathan Nahayo, Vik, Vangsnes, Arnafjord
- Kyrkjegardsarbeid i sommarsesongen, plenklypping: Jonathan Nahayo og andre vikarar
- Klokke ved gravferder: Tove Svortevik Geithus og Sylvi Nummedal
- Vikarar ved sjukdom, ferie og til sesongarbeid på kyrkjegardar

Prestetenesta:

- Sokneprest 100% Karen Helene Bøhn Melhus
- Fengselsprest 50 % og vikarprest i prostiet 50 % Rasmus Clemens Bolstad Rustad . foreldreperm fyrste halvår

- Geir Sørebo Vikar i 50 % stilling fyrste halvår

Sokneråda:

Dei fem sokneråda skriv eigne årsmeldingar som blir lagde fram på soknemøte. Soknepresten er fast medlem i sokneråda. Vikar har vore tilstades ved fråfall

Arbeidsåret 2022:

Starten på 2022 var også prega av koronapandemien, men no med få/ingen restriksjonar. Ein kunne difor ta opp igjen aktivitetar som samla mennesker igjen. Konfirmasjon vart gjennomført på våren. Ein starta opp igjen med barne og ungdomsarbeid. Kvardagsskulen i Vik og Feios er populær og samlar mange barn og foreldre. Det same gjer formiddagstreffet i kyrkjestova for dei aller minste barna. Det var flott at Sygna deltok i å arrangere ungdomsklubb i Fresvik og Feios også siste året .

Fleire kom til kyrkja med barn som skulle døypast etter at korona- restriksjonane endeleg løyste opp og gjorde det mogeleg å samlast igjen. Det same såg me når det galt giftarmål. Det er ei glede at mange kjem reisande til kommunen for å feire både dåp og bryllup.

Tal for 2022 i alle sokna:

- Gravferder: 32
- Giftarmål: 6
- Konfirmantar: 26

Organisering av administrasjonen:

Dagleg drift: Kyrkjekontoret har i hovudsak ope for publikum måndag – torsdag mellom kl 10-15. staben er liten. Dette medfører at ved sjukdom, ferie eller anna fråvær, må ein redusere opningstida. Tilsette tar telefonen med seg heim og svarar på denne utover kontortida. Ein har difor ikkje opplevd klage på redusert opningstid.

Arbeidsoppgåvene på kontoret har vore delt på. Ny kyrkjevevje og varsla pensjonering i staben har gjort det naudsynt med kompetanse overføring, opplæring og vilje til fleksibilitet i arbeidet blant alle tilsette og i samarbeid med prestane.

Staben har jamne møter der ein drøftar drift og utvikling. Det vart gjennomført medarbeidersamtalar i 2022. Det har også vore gjennomført månadlege møter med stab pluss timebaserte medarbeidarar. Dette er nyttig for planlegging og å ha felles plattform for arbeidet vårt.

Hausten 2022 vart det gjort forsøk på å rekruttere til ledig stilling som organist. Her var ein heldig å få kvalifisert søker og det vart gjort tilsetjing i 75 % stilling for oppstart 1. mars 2023.

Det vart også lyst ut etter kyrkjelydspedagog/kyrkjelydsmedarbeidar. Her lukkast det ikkje å få kvalifiserte søkerar, og rekruttering held fram i 2023.

Vedlikehald av kyrkjene Kyrkjene våre er gamle og det er fleire behov for vedlikehald på bygga og på kyrkjegardane som vert avdekka. Det er tidlegare utarbeida tilstandsrapportar. Desse gir ein peikepinn på kor det er sårbart, men gir ikkje ei heilskapleg oversikt. I tråd med vedtak i fellesrådet 17.11.21 vart Bech Arkitekter AS engasjert til å laga ein drifts og vedlikehaldsplan i samarbeid med tilsette. Det vart gjort synfaring på alle kyrkjebygg med gravplassar. Rapporten vart lagt fram for fellesrådet 7.9.22. og inneheld vurdering av tilstand, naudsynte tiltak og tilråding på når dei ulike områda trengs å utbetrast. Planen må ligge til grunn for planlegging av vedlikehald og inkluderast i ein økonomiplan.

I 2022 vart det ikkje gjort større utbetringar ved kyrkjene våre.

Vik kyrkjeleg fellesråd som gravplassmyndigheit.

Det har vore arbeidd med å få godkjent forskrift «Gravplassvedtekter for Vik kommune». Framlegg til vedtekter vart handsama i fellesrådet fleire gonger, 17.11.21 gjorde fellesrådet vedtak om å sende desse på høyring før dei kunne sendast til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark til endeleg godkjenning. Høyringsfrist 1.2.22. Forskrifta vart endeleg godkjent og gjort gjeldande 1.7.2022. Med vedteken forskrift kunne me arbeide vidare med å tilby feste av graver ved alle gravplassane våre.

Det vart gjennom sommaren gjort eit stort arbeid for å oppdatera gravkarta våre å få desse digitalisert. Enno står det igjen noko arbeid før ein kan seia seg ferdig, og dette må også prioriterast i 2023.

Ein starta arbeidet med å tilby kontaktpersonar/festarar å inngå festeavtale ved å betale festeavgift. Mykje av hausten gjekk med til å sende ut brev, rydde i vårt IKT system og gi råd og rådgjeving pr. telefon. Kontoret fekk mykje arbeid og mykje læring.

Informasjon; Kyrkjelydsbladet – Helsing frå kyrkja og informasjon på nettet

«Helsing frå kyrkja» kom ut med 3 nummer i 2022. Eit viktig blad som me opplever vert lese og vert nytta som oppslagsverk når det gjeld komande arrangement. I tillegg har Vik kyrkjeleg fellesråd eiga heimeside <https://www.vik.kyrkja.no/>. Her finn ein meir informasjon ordningar og korleis ta kontakt med kyrjekontoret. Facebook vert også nytta, og har ein særskilt verdi ved raskt å få ut informasjon til «følgjarane» @kyrkjeneivik

Årsresultat 2022

Syner til vedlagt årsrekneskap for 2022. Dette er sendt revisor til godkjenning.

Årsrekneskapen vert levert i ballanse. Aktiviteten er større i 2022 enn i 2021.

Kommentarar til avvik i høve budsjett:**Trusopplæring:**

Denne tenesta er i stor grad finansiert ved tilskot forvalta av bispedømme etter levert rekneskap for året før. I 2022 vart overføring av tilskot til Vik kyrkjeleg fellesråd redusert med bakgrunn i rapportert redusert aktivitet i 2021. Det er difor i 2022 gjort bruka av bundne fond på kr 75 000.

Energi:

Auka utgifter til energi, særskilt ved Vik kyrkje, vart i stor grad dekkja ved tilskot frå staten på kr 90 000

Festeavgift:

Det vart betalt inn festeavgift i 2022 på kr 335 000, det var budsjetttert med kr 15 000. kr 320 000 er i rekneskapen satt av til bunde fond

Vik 15.mars 2023

Marit J Andersen

Kyrkjevevje



Leif Eikeland

Leiar Vik kyrkjelege fellesråd



